



**Saksbehandlar:** Bjarne Stølås Storli

**Rådmann:** Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
046/23	Formannskapet	17.04.2023
036/23	Kommunestyret	17.04.2023

## **Straumstøtte til næringslivet – Ny utlysingsrunde**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Sveio kommune lyser ut midlar for straumstøtte til næringslivet på nytt, på same vilkår som ved førre utlysingsrunde, og gjeldande straumkostnadane for same periode (januar–september 2022).
2. Kommunestyret vedtar forskrift om endring av forskrift om kommunal straumstøtteordning og enøktiltak, slik ho går fram av saka her.

### **Formannskapet 17.04.2023:**

#### **Behandling:**

Ingen tok ordet i saka.

**Røysting:** Samrøystes som rådmannen sitt framlegg.

### **FOR- 046/23 Vedtak:**

#### **Formannskapet si tilråding til kommunestyret:**

1. Sveio kommune lyser ut midlar for straumstøtte til næringslivet på nytt, på same vilkår som ved førre utlysingsrunde, og gjeldande straumkostnadane for same periode (januar–september 2022).
2. Kommunestyret vedtar forskrift om endring av forskrift om kommunal straumstøtteordning og enøktiltak, slik ho går fram av saka her.

## **Kommunestyret 17.04.2023:**

### **Behandling:**

Ingen tok ordet i saka.

**Røysting:** Samrøystes som tilrådd av formannskapet.

### **KOM- 036/23 Vedtak:**

1. Sveio kommune lyser ut midlar for straumstøtte til næringslivet på nytt, på same vilkår som ved førre utlysingsrunde, og gjeldande straumkostnadane for same periode (januar–september 2022).
2. Kommunestyret vedtar forskrift om endring av forskrift om kommunal straumstøtteordning og enøktiltak, slik ho går fram av saka her.

## **Saksutgreiing**

### **Samandrag**

Formannskapet har bedt rådmannen leggja til rette for at midlane sett av til straumstøtte til næringslivet i desember 2022 blir lyste ut på nytt. Tilskotsordninga er regulert i lokal forskrift, og ny utlysingsrunde gjer det nødvendig med endringar av denne forskrifta. For å sikra likebehandling foreslår rådmannen at ny utlysingsrunde er underlagd same vilkår, og gjeld straumkostnadar for same periode, som ved førre utlysingsrunde. Forskjellen frå sist er at søknadane blir behandla administrativt, då formannskapet i januar fastsette støttesatsen.

### **Bakgrunn for saka**

Kommunestyret vedtok i sitt møte 12. desember 2022 forskrift om kommunal straumstøtteordning og enøktiltak, jf. sak KOM-111/22 (forskrafta ligg vedlagd). Straumstøtteordninga var retta mot næringslivet, kor kommunen ville dekkja ein prosentandel av differansen mellom verksemd sine straumkostnadar (ekskl. nettleige) i perioden januar–september 2022 samanlikna med perioden januar–september 2021. Det blei sett av inntil kr 2 000 000,- til ordninga.

Søknadsfristen blei sett til 9. januar 2023, og det kom inn ni søknadar. Formannskapet var tildelt mynde til å behandla søknadane, samt avgjera kor stor andel av differansen mellom 2022 og 2021 som skulle bli gitt i tilskot.

Formannskapet behandla søknadane i sitt møte 16. januar 2023 og vedtok å tildela 60 % av differansen i støtte, jf. sak FOR-007/23. Det blei tildelt til saman kr 326 988,- i støtte, kor støtta til den enkelte verksemd varierte frå kr 103 642,- til kr 13 946,-.

Tre veker etter at søknadsfristen hadde gått ut, kom det ein søknad frå ei verksemd i Førde. Vedkommande blei informert om at søknaden måtte avvisast pga. av dette, men verksemda retta ei skriftleg oppmoding til kommunen om å vurdere ein ny utlysingsrunde.

Problemstillinga blei lagd fram for formannskapet i deira møte 20. mars 2023, jf. sak FOR-026/23, referatsak nr. 8. Formannskapet bad rådmannen leggja fram sak til førstkommande kommunestyremøte om ein ny utlysingsrunde av søknadsmidlane.

### **Saks- og faktaopplysningar**

Av midlane sett av til straumstøtteordninga står det kr 1 673 012,- igjen.

Då straumstøtteordninga blei vedtatt, blei informasjon sendt til leiar av Sveio næringsforum, som delte dette med sine medlemmer. Informasjon blei publisert i kommunen si annonse i Vestavind 5. januar, og Vestavind skreiv ei eiga nyhendesak om ordninga i utgåva av 21. desember. Utførleg informasjon blei òg lagd ut på kommunen sine nettsider, og delt fleire gonger på Facebook i løpet av søknadsperioden.

Støtteordningar må regulerast via forskrift, då det vil dreia seg om «et vedtak som gjelder rettigheter (...) til et ubestemt antall eller en ubestemt krets av personer», jf. forvaltningsloven § 2, første avsnitt, bokstav c. Dette er slått fast i Nærings- og fiskeridepartementet sin rettleiar om offentlig støtte.

Forskrifter kan berre endrast eller opphevast via nye forskrifter. Rådmannen legg derfor fram eit forslag til endringsforskrift. Sjå nærmare om dette under «Vurdering».

### **Innkome merknadar / Uttale frå partar**

Bakgrunnen for nytlysinga er ovannemnde skriftleg førespurnad frå ein næringsaktør i Førde, som oppmodar om ny utlysing, då vedkommande ikkje overhaldd førre søknadsfrist. Det skal òg har komme munnlege innspel frå verksemder til nokon folkevalde.

### **Konsekvensar**

Formålet med straumstøtteordninga til næringslivet er regulert i forskrifta § 1:

«Formålet med ordningane er bidra til at Sveio kommune, trass historisk høge straumprisar, framleis har eit rikt og variert næringsliv ved å hindra at elles berekraftige verksemder i Sveio kommune får store økonomiske problem som følge av dagens straumprisar (...) Formålet er ikkje å kompensera verksemder som vil greia seg bra, eller tiltak utanfor Sveio kommune. Ordningane tar heller ikkje sikte på å utsetta uunngåelege konkursar e.l. som ville inntreffa uavhengig av straumprisane.»

### **FN sine berekraftsmål**



### **Økonomiske konsekvensar**

Som nemnd over står det igjen over 1,6 millionar kroner at avsett sum. Det er rådmannen si vurdering at dei fleste relevante verksemder søkte i førre runde, slik at ein ser for seg få søknadar dersom ein ny runde blir vedtatt.

Den for seint innkomne søknaden som er nemnd over viser ein differanse på ca. kr 161 000,- mellom jan.–sep. 2021 og jan.–sep. 2022, noko som med 60 % dekning tilseier ein støttesum på i underkant av kr 97 000,-.

Som ved førre utlysingsrunde er søknadar vurderte å kunna handterast av administrasjonen, slik at kostnadar til ekstern hjelp ikkje blir nødvendig.

### **Beredskap**

Beredskapsomsyn er ikkje vurdert i saka her.

## Vurdering

Det er rådmannen si vurdering at straumstøtteordninga trefte målgruppa tilfredsstillande, og at informasjonen som gjekk ut i fleire forskjellige kanalar medførte at dei fleste relevante verksemder blei merksame på ordninga.

Det er likevel ikkje praktisk mogleg å sikra seg at absolutt alle som ei støtteordning gjeld, blir merksame på denne. Den aktuelle aktøren som skriftleg har oppmoda om ei ny utlysingsrunde har vist til at ein meiner kommunen burde informert verksemder direkte, f.eks. via e-post.

Likebehandling er eit grunnleggande prinsipp i offentleg forvaltning, så skulle kommunen informert verksemder direkte om støtteordninga, måtte alle verksemder i kommunen blitt informert direkte. Dette er *ikkje* praktisk mogleg. Eit søk på «Sveio» på nettbaserte tenester som gir informasjon om næringsliv, gir eit søkeresultat på over 1000 treff, og då er søkeresultatet geografisk avgrensa til Sveio kommune. Alle desse er sjølv sagt ikkje private verksemder, og det kan òg dreia seg om undereiningar, men det illustrert uansett at sjølv i ein mellomstor kommune er det sær mange næringsaktørar.

Som nemnd har kommunen (administrasjonen) berre mottatt éin formell førespurnad om ny utlysingsrunde, og det er i utgangspunktet rådmannen si vurdering at dette er eit noko tyngt grunnlag å lysa ut midlane på nytt for (uansett om ei tildeling til vedkommande kan vera til god støtte for den konkrete verksemda).

Likevel, med tanke på at det står igjen mykje midlar, og nødvendig søknads- og behandlingsinfrastruktur er bygd opp i administrasjonen etter utlysinga i desember/januar, slik at ein ny runde kan bli gjennomført utan uforholdsmessig stort press på administrasjonen, vurderer rådmannen det som praktisk gjennomførbart med ein ny utlysingsrunde.

Igjen av omsyn til likebehandling, må nye søknadar gjelda same periode og vera underlagd same vilkår som førre runde. For å få til ei raskare behandling foreslår rådmannen at søknadane no blir behandla løpande av administrasjonen. I førre runde var det eit poeng at størrelsen på støtta (i form av ein prosentandel av differansen) skulle avgjerast politisk, bl.a. basert på antalet søkarar og kva behovet dermed viste seg å vera.

Rådmannen foreslår no at formannskapet sitt vedtak frå januar i år blir inkorporert som eit vilkår i oppdatert forskrift, slik at det kjem direkte fram av denne at 60 % av differansen blir dekkja gjennom støtteordninga.

Skulle ein ha opna for å endra (auka) prosentandelen gjennom at nye søknadar òg skulle bli behandla politisk, måtte ein ha tildelt tidlegare søkarar ytterlegare midlar, av omsyn til likebehandlingsprinsippet. Detter ser ikkje rådmannen at hadde vore føremålstenleg, verken av omsyn til føreseielegheita for næringslivet eller av omsyn til ressursbruken i administrasjonen.

Ny utlysingsrunde vil bli informert om på same vis som førre gong. (Verksemda som sendte inn søknad etter fristen vil bli informert om at søknaden no vil bli tatt under behandling.) Sveio næringsforum vil òg bli informert, som førre gong.

Rådmannen foreslår ein lengre søknadsfrist enn sist (i overkant av éin måned frå kommunestyrevedtaket), for å auka sannsynlegheita for at alle relevante verksemder får med seg informasjonen.

## Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen foreslår at forskrift om kommunal straumstøtteordning blir endra for å opna for ein ny

utlysing av midlane, på same vilkår og for same perioden som førre runde. I praksis inneber dette endring av § 3, fjerde og femte avsnitt, slik det går fram av vedlegg til saka her.

**Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.**

Forskrift om kommunal straumstøtteordning og enøktiltak, Sveio kommune, Vestland av 12. desember 2022

**Vedlegg:**

Forskrift om kommunal straumstøtteordning og enøktiltak, Sveio kommune, Vestland [KOM 111-22]

Forslag til endringsforskrift